



– trivsel og entusiasme mot toppen

## ÅRSMELDING

### VOLDA HANDBALL 2022

#### STYRET

##### Førre årsmøte valde følgjande styre;

Norodd Dyrhovden	styreleiar
Janicke Driveklepp	nestleiar
Arild Bakke	styremedlem
Linda Engjaberg	styremedlem
Tore Sørheim	styremedlem
Cecilie Åmås	styremedlem
Line Lauvsnes Oddekalv	styremedlem
Skjalg Lidarende	varamedlem
Tormod Utne	varamedlem
Stefan Halck	varamedlem

##### Ansvarsfordeling blant styremedlemene:

Cecilie Åmås	- arrangement elite
Arild Bakke	- Volda Handball Elite
Linda Engjaberg	- Volda Handball Bredde, Politiattast- ansvarleg
Norodd Dyrhovden	- sponsor og minibussen
Line Lauvsnes Oddekalv	- Informasjon og kommunikasjonsansvarleg
Janicke Driveklepp	- økonomiansvarleg, budsjett
Tore Sørheim	- bredde, sportsleg utval

#### TILSETTE

Solveig Storeide vart tilsett som dagleg leiar i 80%stilling 1. september. Ho jobbar på kontoret i VCA. Har hovudansvar for den daglege drifta, arrangementansvarleg bredde, «Køyrelister» for alle arrangement. Oppfølging av dugnadar, materiell og utstyrsoppfølging. Har oppfølginga inn mot Topphandball, NHF, Reg. Nord og NIF. Jobbar med opplegget til Akademiet.

Hilde Karin Berg er administrasjonsansvarleg og er tilsett på timebasis. Ho har hatt ansvar for medlemsoversikt, kasserararbeid, noko oppfølging inn mot NIF, NHF og region Midt Noreg, dommarutvikling, dommaroppsett og terminlister.

Halldor Stefan Haraldsson er tilsett i 70% stilling som trenar for damelaget og 30 % med ansvar for terminlistearbeidet i eliteserien, katlegging av spelarar og utvikling av spelarstallen. Har også ansvar for den raude tråd (treningsopplegg) for klubben

Hilmar Gudlaugsson er tilsett i 60% stilling som trenar for 3. div., Rekrutt og J 15/16 år, samt assistent-trenar for elite, kombinert med spelarutviklar for aldersbestemte spelarar. Har det sportslege ansvaret på handballskulane. Er leiar for Akademiet som starta etter nyttår 2023, og har hatt oppfølging av nystarta lag.

Turid Mork Bakke og Jan Helge Løseth har hatt noko lønskompensasjon for trenararbeidet dei har gjort for klubben.

Sigrunn Brynjarsdottir i Crossfit har hatt styrketrening for aldersbestemte lag fram til sommaren og J 15/16 år hausten 2022.

Damespelarane på elitelaget har mange mindre proffkontraktar. Hante Hamel, Katrin Tinna Jensdottir, Julia Andriichuk, Rakel Elvarsdottir og Jelena Terzic er tilsette i større stillingskontrakter.

## **MØTEAKTIVITET**

Det er helde ni styremøter i 2022. Prosjektmøter er også i år helde etter behov, og sakene er rapportert inn til styret.

## **AKTIVITETAR KLUBBEN HAR ARBEIDD MED**

Sesongen 2021/2022 vann 1. div laget serien, og laget rykte opp i Eliteserien. Dette førte med seg mykje arbeid og planlegging. Topphandballen kom inn i biletet og vi blei med i eit planleggingsopplegg for gjennomføring av kamparrangement.

- Klubben arrangerte handballskule vår, sommar og haust.
- Ei treningsveke saman med Vipers i august med to treningskampar mellom Volda og Vipers og to kampar Vipers – Molde.
- Ein Voldacup for 3.,4. og 5. div damer blei arrangert i slutten av august.
- Gjennomført lagsdugningar. To Loddsal, eit papirsal og eit sokkesal. Desse er viktige bidrag til økonomien i klubben.

Det har vore lagt ned eit stort arbeid opp mot sponsorane i eit vanskeleg år. Dei fleste treårs-kontraktene går ut i 2023, og arbeidet inn mot dette er starta. Treårs avtaler med Generalsponsor Sparebanken Møre og hovudsponsor Tussa Kraft AS er signert.

**Generalsponsor:** Sparebanken Møre

**Hovudsponsor:** Tussa Kraft AS

**Elitesponsor:** Rotevatn Trafikkskole AS, Eiendomsmegler Vest Volda, Kiwi, Egset Ventilasjon AS, Bjørdal Industrier, Termo Partner, og Hummel

**Klubbsponsor:** Intersport Volda, Studentsamskipnaden, Ørsta Bil AS, Sunnmørsposten, Furene AS, Møbelringen, Dale vindu og interiør AS, Aurstad AS, Bygg 1 AS og Koppen Industrier AS

**Entusiastsponsor;** Fleire bedrifter sponsar klubben i form av skilt i hallen og/eller digital reklame på storskjerm.

**Utstøysleverandør:** Hummel

## **COVID -19**

Første delen av 2022 var det full nedstenging av kamparrangement, og nedstenging av trening for alle over 20 år. Det vart derfor mykje kampendringar då aktiviteten fekk starte oppatt. Det vart endringar i alle klasser, frå 1. div og heilt ned til 9 årsserien. For dei yngste vart kampane strokne, men for dei eldre, prøvde ein så langt det let seg gjere å få kampane innatt i systemet. Resten av året 2022 gjekk vi fri nedstenging.

## **SPORTSLEG**

Vi melde på desse laga til sesongen 22/23:

**Eit lag;** Damer Elite og NM-senior, 3. div. og J 20, J 16, J 15, J 13, G 12, J 10 og G 9

**To lag;** J 14, J 12, J 11, J 10 og G 10

I tillegg har vi treningsgrupper for 6-,7- og 8 år.

Vi har Partnerklubbavtale for Dame senior med Aksla IL og Stryn TIL.

### **Laga våre;**

Sesongen 2021/2022 vann 1. div laget serien, og laget rykte opp i Eliteserien. Det var allereie klart før siste kampen, då jentene hadde køyrt heile serien uten tap. Vesle Volda klarte det ingen skulle tru, - dei rykte opp i øvertse divisjonen. Dei fleste spelarane på førstelaget fortsette, saman med ein del forsterkningar.

I NM cup 2. runde vann laget over Ørsta, 3. runde vann dei over Levanger og 4. runde blei det tap for Aker Topphandball. I Eliteserien er det blitt to singlar og resten tap i 2022.

Andrelaget enda på 3. plass i 3. div 21/22 sesongen. Der blei det mykje utskiftningar i troppa. Mange av spelarane i elitetroppa spelte på 3- div laget. Det er det samme i sesongen 22/23.

Tredjelaget i 5. divisjon enda på 4 plass. Sesongen 22/23 melde vi opp J 20. Dette også med tanke på evt corona-nedstengingar, då det oftast er lemplegare reglar for dei under 20 år.

For dei aldersbesemte laga har det vore mange kjekke kampar og arrangement i VCA. Det varierer med tap og singlar, og stemninga er jamt god.

**Trenar;** Alle lag har vaksne trenarar. Fleire foreldre er trenarar eller hjelpetrenere, i tillegg til dei som er tilsette. Denne sesongen har det vore for det mest foreldretrenarar.

Treningstidene er 1½ time til dei eldste, og 1 time for dei yngre.

**Dommarar:** Klubben hadde i 2022, 7 dommarar på våren og 3 dommarar vart att etter sommaren som har dømt lag over 14 årstrinnet.

Regionen fekk køyrt eit «Dommar i barnehandballkurs» rett over nyttår. (Etter nesten to års venting) Rett før jul fekk vi «Dommar Trinn 1-kurs», så no har vi i tillegg 6 dommar Trinn 1 dommarar og 7 dommarar i barnehandball.

**Talentspelarar;** Klubben har mange talentfulle spelarar. Styret vil fortsette å jobbe med rekrutterings- og utviklingstiltak. Fleire har vore med på SPU-samlingar, og to spelarar i klubben har vore med på regionale samlingar.

## **ØKONOMI**

Når det gjeld økonomi syner rekneskapen eit underskudd i 2022. Vi viser til årsrekneskapen for 2022 for Volda Handball.

## **OPPSUMMERING**

Klubben har 366 medlemmar aktive medlemmar. Av desse er 258 spelarar.

Dette er tala vi får fram i NIF sine rapportar.

Vi har spelarar frå 6 år og oppover. Forholdstalet jenter: gutar er på veg mot 5:2 i aldersgruppa 6-19 år.

Økonomisk har Volda Handball gått med underskot denne sesongen. Vi held fram med å finne aktivitetar som kan gi inntekter til klubben.

Volda Handball rettar ei stor takk for positiv støtte til sponsorar, trenarar, spelarar, støtteapparat, foreldre og eit aktivt styre.

For styret i Volda Handballklubb

Volda 06.03.2023

Norodd Dyrhovden  
styreleiar

Janicke Driveklepp  
nestleiar

Arild Bakke  
styremedlem

Linda Engjaberg  
styremedlem

Tore Sørheim  
styremedlem

Line Lauvsnes Oddekalv  
styremedlem

Cecilie Åmås  
Styremedlem

Hilde Karin Hjorthaug Berg  
Adm. ansvarleg

Solveig Storeide  
Dagleg leiar